

# **LOVER OG VEDTEKTER**

**01.06.2016**

## **§ 1 *Foreininga sitt namn:***

Hjelp Moldova

## **§ 2 *Foreininga sitt føremål***

Hjelpa vanskelegstilte menneske.

## **§ 3 *Foreininga er ein partipolitisk og ideologisk uavhengig organisasjon.***

## **§ 4. *Medlemskap***

Medlemskap er ope for alle enkeltpersonar og organisasjoner.

Organisasjonar og andre kollektive medlemer har berre 1 (ei) stemme og berre 1 (ein) person er valbar til styret.

Medlemskap i Hjelp Moldova vert registrert ved innbetalt kontingent og registrerte faste gjevarar.

Alle medlemer skal gjerast kjent med foreininga sine lover og vedtekter.

Medlemskap opphører automatisk dersom kontingent ikkje er betalt innan utgangen av mars månad.

## **§ 5 *Styret***

Styret leiar foreininga si verksemd etter retningslinjer fastsett av årsmøtet.

Styret er ansvarleg for at foreininga sine midlar og egedelar vert forvalta på ein god måte.

Styret skal ha 7 (sju) medlemer der 5 (fem) har stemmerett. Leiar, nestleiar, sekretær, kasserar, ein styremedlem og to varemedlemer.

Ved likt stemmetal er leiar si stemme avgjerande. Styret er forplikta ved underskrift av leiar eller nestleiar. Varamedlemer skal innkallast og har møterett til samlede styremøte.

Styret er vedtaksført når 3 (tre) eller fleire av styremedlemene er tilstades, så sant leiar eller nestleiar er tilstades.

For å løysa spesielle arbeidsoppgåver kan styret oppretta ein eller fleire undergrupper (utval) som har plikt til å informera styret om aktiviteten etter kvart.

## **§6 *Årsmøtet***

Årsmøtet er foreininga sitt høgaste organ.

Årsmøte skal avviklast innan utgangen av april månad. Styret innkallar til årsmøte med 14 (fjorten) dagars varsel med opplysningar om dagsorden.

Innkallinga skal innehalda:

Stad, dato, klokkeslett , styret sin årsraport, rekneskap, handlingsprogram for komande år og kven som står på val.

Årsmøtet vert leia av leiaren. For årsmøtet si behandling av saker nevnt under, kan ein velja ein dirigent.

- a) Styret sin årsrapport
- b) Revidert rekneskap frå forrige år
- c) Handlingsprogram for komande år
- d) Val av leiar, styremedlemer og varamedlemer til styret
- e) Val av valkomite, innkomne forslag
- f) Fastsetja medlemskontingent

### **\$ 7 Val**

Valkomiteen skal ha 3 (tre) medlemer, der 1 (ein) er leiar. Alle vert valde for 3 (tre) år. Leiar i valkomiteen er den som har tredje året. Eit medlem går ut kvart år.

Alle styremedlemmer og varamedlemmer vert valde for to år om gangen.

Årsmøtet velgjer leiar for eitt år. Valet av leiar skal vera skriftleg.

Første året vert det valgt 2(to) styremedlemer og 1(ein) varamedlem , andre året vert det valgt 2(to) styremedlemer og 1(ein) varamedlem . Styret konstituerer seg sjølv på første styremøte etter årsmøtet.

Nyvalde medlemer og varamedlemer overtek sine verv straks årsmøtet er heva.

Forslag til kandidatar til tillitsverv skal vera valkomiteen ihende seinast 7 dagar etter dato for årsmøte er sett. Alle som blir føreslått skal vera spurde på førehand.

Benkeforslag skal kun gjelda personar som er tilstades på årsmøtet.

### **\$ 8 Røysteføre**

Røysteføre er berre faste gjevarar og frammøtte medlemer med gyldig betalt medlemsskap for inneverande år.

### **\$ 9 Innkomne forslag**

Forslag/saker som er ønskt behandla på årsmøtet, skal sendast skriftleg til styret i Hjelpe Moldova seinast 7 dagar før årsmøtet. Årsmøtet handsamar endringsforslag av: Lover, vedtekter og alle andre prinsipielle saker. Lovendringar krev 2/3 fleirtal. Andre endringar vert avgjort av simpelt fleirtal av frammøtte røysteføre.

### **\$ 10**

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret finn det nødvendig eller når minst 5 (fem) medlemer krev det skriftleg. Møtet vert innkalla med 8 (åtte) dagars varsel, og kan kun handsama dei sakene som har ført til innkallinga.

## § 11

Vedtak om oppløysing av foreninga krev 2/3 fleirtal av frammmøtte røysteføre på årsmøtet, ordinært eller ekstraordinært. Foreninga sine midlar skal då koma det arbeidet til gode som Hjelp Moldova har som hovudføremål, og i samsvar med dei vedtak som er fastsett på årsmøtet. Det vert vald eit avviklingsstyre med 3 (tre) medlemer.